



ARBEIDSPLAN 2018

1. Medlemsservice

- Kontoret har opningstid alle yrkedagar. Vakttelefon 917 76626 etter kontortid og ved helg.
- Infoskriv 2 gonger i året.
- **Webtemp.** Elektroniske timelister. App på websida og ny app for mobil. Registrering og passord. Administrasjonen må setje av tid til opplæring av både tilsette og medlemmar. På sikt skal dette bli både forenkla og forbetra medlemsservice. (papirlister kan framleis nyttast og)
- Det kan avtalast fast løn for avløyser kvar månad.
- Medlemmane må oppmodast om å innbetale avløyserartilskotet, som er utbetalt i februar, for å sikre likviditeten slik som i fjor.
- **Beredskap:** 5,5 årsverk i landbruksvikarressurs gjev oss god dekning i alle dei åtte kommunane som Landbrukstenester Sogn omfamnar. Sjukdomsavløysering. Tilskot pr dag kr 1 555.

2. Profilering og marknadsføring

- Oppdatering og info på eiga webside
- Sal av arbeidsklede med logo
- Landbrukstenester Sogn på Facebook
- Mappe med brosjyre og div. info til nye medlemmer
- Medlemsverving. Brukarskifte. Potensielle nye medlemmer skal kontaktast både pr brev og telefon.

3. Tilsette

- Tilsette skal ha trygge og gode arbeidsplassar. Oppdragsavtalar der medlemmane erkjenner ansvaret som blir kravd med omsyn til HMS.
- 3-dagars kurs for landbruksvikarar og fast tilsette i lag med Hordaland
- Julelunsj og personalmøte med fast tilsette og styret. Felles tema.

4. Økonomi

- Konkurransedyktige og rette prisar på tenestene våre.